

## Forslag til arbeid i nyare historie med kapittel 11: Den store krigen og kapittel 12: Noreg – «den nøytrale allierte»

### Kompetansemål

Elevane skal kunne

- gjere greie for bakgrunnen for dei to verdskrigane og drøfte verknader dei fekk for Norden og det internasjonale samfunnet

Som det går fram av læreplanmålet, er verdskrigane (og særleg den første) eit tema der ein skal konsentrere seg om årsaker og verknader. Det vil seie at detaljar om sjølve gangen i krigen er mindre interessante. Den første verdskrigen gir eit godt høve til å introdusere årsaksforklaringar. Det følgjande er eit forslag til korleis det kan gjerast, med forslag til svar.

Dersom du har ei sterk klasse, kan de arbeide med kapittelet om årsaksforklaringa i *Arbeidsportal*. Er klassa svakare, bør du forklare elevane skilnaden mellom årsaker og verknader og begynne meir skjematisk, som vist under. Du kan gjerne gi klassa fleire kjelder enn læreboka (nettstader, eldre lærebøker, omsette lærebøker frå andre land, osv.). La elevane finne så mange årsaker som mogleg, og la dei gjerne setje årsakene inn i dette skjemaet.

### Årsaker til den første verdskrigen

<b>Grunnleggjande</b>	<b>Medverkande</b>	<b>Utløysande</b>	<b>Motverkande faktorar</b>
Imperialisme, maktkamp. Stormaktene ville vise musklar.	Propaganda – krigspropaganda skapte krigslyst i befolkninga.	Skota i Sarajevo – men kvifor?	Fredsarbeid – f.eks. dei moderne olympiske leikane, Nobels fredspris.
Alliansedanningar – trippelalliansen, trippelententen.		Trøbbel på Balkan – Serbia, Russland, Austerrike-Ungarn. Nasjonalisme som dynamitt i Europa.	Kongressystemet – maktbalanse.
Opprusting – kapprusting.			
Allmenn verneplikt innført.			
Industrialiseringa – krigsindustri. Angrepsplanar som			

Schlieffen-planen.  
Krigslyst og manglande  
forståing for effekten  
av dei moderne våpna.  
Nasjonalisme – den  
mest populære  
ideologien i Europa.

## Verknader

Verknadene av ei historisk hending er med på å definere kva hendinga får å seie for ettertida. Elevane bør forstå at den første verdskrigen var ei viktig hending fordi krigen hadde store ringverknader utover dei umiddelbare øydeleggingane. Den politiske maktbalansen i Europa blei endra. Versailles-traktaten og konsekvensane av den bør framhevast i undervisninga, særleg fordi traktaten kan nemnast som ei årsak til den andre verdskrigen. Vi anbefaler at elevane arbeider med Versailles-traktaten som kjelde. Det er ei så viktig kjelde i nyare historie at ho gjerne kan brukast i samanheng med munnleg eksamen.

Oppgåvene på side 143–145 i *Arbeidsportal* (fredsoppgjæret, spørsmål til kjelde 1 og kjelde 2) er gode og gir elevane innsikt i verknadene av den første verdskrigen.

## Verknader i Noreg

Etter å ha arbeidd med verknader av den første verdskrigen i Europa bør ein kanskje halde fram med kapittel 12, som dreiar seg om krigen i Noreg. Her bør elevane finne fram til dei viktigaste verknadene av krigen i Noreg.

Det kan vere formålstenleg å introdusere SPØK-metoden (sosiale, politiske, økonomiske og kulturelle verknader). Metoden er også skissert i *Arbeidsportal*. Elevane bør kunne identifisere dei ulike verknadene av den første verdskrigen. Når dei les kapittel 12 i *Portal*, bør det ikkje vere så vanskeleg.

Ein «fasit» kan sjå slik ut:

## Verknader

Sosiale:  
Krigen førte til store  
sosiale skilnader blant  
nordmenn.

Politiske:  
Arbeidarpartiet blei  
revolusjonært som  
konsekvens av  
klasseskilnadene.

Økonomiske  
Ein sette i gang  
setelpressa og fekk  
krona bort frå  
gullstandard.

Kulturelle  
Pasifisme hos  
intellektuelle og  
forfattarar.